



Oppdragsgjevar:
Lindås kommune
v/ felles nærings sjef Øystein Sørhaug
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Knarvik, 22. august 2014

Til leverandørar

Innhenting av tilbod – strategiprosess felles næringsavdeling Lindås og Austrheim kommunar

Bakgrunn:

Felles næringsavdeling Lindås og Austrheim kommunar har vert operative siden 2010, og det finst politisk vedtak i begge kommunane på samarbeidet ut 2015. Ny felles nærings sjef vart ansatt juni 2013. Bakgrunnen for samarbeidet var behov for felles innsats og koordinering, spesielt med tanke på Mongstad-området, som ligg i begge kommunane.

Næringsavdelinga rapporterar i dag til ei styringsgruppe, med nokre representantar frå politisk- og administrativ leiing i begge kommunane.

Etter fleire års samarbeid er det no på tide å evaluere samarbeidet, og sjå på framtidige løysingar med nye auge. Dette er også haldninga til styringsgruppa. Ein har også politiske vedtak på oppstart av strategiprosess (del 1) og eventuell rullering av strategisk næringsplan (del 2, men ikkje lagt opp til å vere ein del av dette oppdraget).

Verktøyet til felles næringsavdeling har vert/er strategisk næringsplan for Lindås og Austrheim kommune (2011-2020). Handlingsprogrammet til strategisk næringsplan skal rullerast kvart andre år, første gang på ettervinteren 2013. Den strategiske delen skal ligge fast fram mot 2015. Før ein går i gong med ein ny næringsplanprosess, vil ein gjennomføra ein strategiprosess med politisk leiing i begge kommunane.

Den interkommunale organisasjonen, Nordhordland Utviklingsselskap (NUI), har no sett i gang eit arbeid med ein interkommunal strategisk nærings- og samfunnsutviklingsplan. Ein forventar å vere i mål med dette planarbeidet i første kvartal 2015. NUI skal også gjennomføre ein eigen parallell prosess med næringsareal, men denne planen kjem noko seinare.

Strategiprosessen vil verta organisert slik:

- Styringsgruppe: styringsgruppe felles nærings samarbeid Lindås og Austrheim kommunar.
- Prosjektleder: nærings sjef/samfunnsutviklar Øystein Sørhaug
- Innleidd prosessleder: ikkje klart



- Referansegruppe: moglege relevante verksemder/samarbeidspartnerar, samt formannskap i Lindås og Austrheim kommunar.
- Viktige forankringspunkt er kommunestyra i både Austrheim og Lindås kommune.

#	Foreslått aktivitet og antatt tidsbruk pr pers.	Foreslått gjennomføringsperiode
1	1 stk oppstartsmøte med oppdragsgjevar	September 2014
2	1 stk formøte med styringsgruppa	September 2014
3	1-2 stk intervju med viktige utviklings- og næringsaktørar (f.eks. fokusgruppe)	September 2014
4	Ansvarleg for å ferdigstilla eit kort og oppsummerande «utfordringsnotat» Utfordringsnotatet skal summera opp dei mest vesentlige funna i aktivitet 1-3 ovanfor. Dette skal sendast styringsgruppa og referansegruppa (medio/ultimo september 2014) i forkant av strategisamlingane. Cirka 5-15 A4-sider kan vere ein passende mengde på utfordringsnotatet.	September 2014
5	2 stk fastsatte strategisamlingar med referansegruppa (ei samling i Austrheim og ei i Knarvik). Kvar samling er berekna til å vare i 3 timar. Samling 1 bør ha fokus på utfordringar/moglegheiter. Samling 2 bør ha fokus på moglege løysingar/tilpasningar/posisjonering/vegvalg.	1.10 og 29.10 (fastsatt og låst)
6	Evnt supplerande intervju med politikere, utviklings- og næringsaktørar m.fl. Evnt innhenting av beste-praksis løysingar på strategiar for næringsutvikling. Evnt. anna relevant.	September 2014-Oktober 2014
7	Utarbeidelse av strategisk notat med forslag til alternativar/modellar for korleis organisera næringsutviklingsarbeidet – inkl presentasjon av denne	Oktober 2014-Desember 2014

Me gjer merksam på at oppdraget ikkje legg opp til å levera oppdatering av strategisk næringsplan for Lindås og Austrheim kommunar. Dette oppdraget gjeld i all hovudsak strategiprosess med politisk leiing i begge kommunane. Grunnlaget vil sjølvstund kunne nyttast i ein ny strategisk næringsplan, men dette vil eventuelt bli skilt ut i eit eige oppdrag seinare – hvis/når behov for dette.

Me gjer også merksam på at ovennevnte er foreslåtte aktivitetar, og leverandør står fritt til å foreslå eit anna opplegg. Strategiesamlingar med referansegruppa 1.10 og 29.10 er imidlertid «låst».

Me gjer også merksam på at felles næringsssjef (prosjektleder) kan bruke noko tid på å samarbeide med leverandør. Det er difor ynskjeleg med eit tilbod som legg opp til eit godt samarbeid mellom partane.



Krav / tildelingskriteria:

Fagleg skildring av korleis ein har tenkt å løysa oppdraget.

- Kompetanse og god kjennskap/erfaring frå strategiutvikling og prosessleiing, spesielt relevant mot politisk leiing. CV for selskap og personar må vere lagt ved. Det vil vere ein styrke å få belyst referanseprosjekter.
- Fagleg forslag til løysing av oppdraget
- Pris – fast pris / timepris
- Leveringsdyktigheit
- Framlegging av skatteattest for meirverdiavgift og skatteattest for skatt + HMS eigenerklæring

Om me er usikre på leveransen i tilbodet, kan det bli aktuelt å kalle inn tilbydar for å få nærare informasjon om innhaldet i tilbodet.

Faglige kvalifikasjonar som vil verta lagt vekt på:

- Kommunal/regional næringsutvikling
- Næringspolitikk og verktøy for god næringsutvikling
- Kjennskap til korleis kommunar/regionar organiserer sitt næringsutviklingsarbeid
- Prosessleiing- og metodikk
- Strategiutvikling
- Offentleg forvaltning og politiske prosessar

Pristilbod

Me ber om pristilbod på utarbeiding av strategiprosessar der oppgåva til leverandør er å vere både prosessleiar og ansvarleg for skriving av eit strategisk notat i etterkant. Det er også nyttig at leverandør er aktiv involvert i utarbeidinga av ein utfordringsnotat, som skal ligge til grunn for oppstart av strategiprosessen. Leverandøren må skildre korleis ein tenkjer å løysa oppdraget både som prosessleiar og i forhold til korleis ein vil organisere arbeidet og planlagde møter. Her er noko alt fastsatt, spesielt tidlig i oppstarten - men det er også opningar for kreativitet og opningar for eigne forslag, spesielt undervegs i prosessen. Det kan leggast til grunn at felles næringsjef (prosjektleder) vil vere behjelpelig undervegs i prosessen – og kan bruka ein del tid på arbeidet.

Førespurnad av tilbod vert gjennomført som ein konkurranse og vert sendt fleire leverandører.

Me ønskjer ein fast pris på oppdraget.

Me ønskjer at leveransen skal prisast i forhold til ei aktivitetsliste/framdriftsliste, der antall timer pr aktivitet skildrast.

Me ser det slik at oppdraget har ein anslått verdi på inntil cirka 100.000kr.

Frist for å gje eit tilbod er fredag 5. september 2014 innan kl. 16:00. Tilbodet skal sendast til Øystein Sørhaug på e-post: oystein.sorhaug@lindas.kommune.no